



Systrene Nilsen har tett samarbeid med Elin Enes, som her serverer ved eit kommunalt arrangement

Julebordsesongen er i full gong i sjøkanten, melder Gunnhild i Systrene Nilsen til uskedalen.no. Det nærmar seg sterkt tradisjonell julebuffet men først står tapas på menyen fredag 23. og laurdag 24. november. I samarbeid med Elins Matgleder tilbys 12 retters tapas og dessert. desse dagane. Systrene er svært glade for at Elin Enes tek seg av maten. Det gjer ho også fredag 7. desember då det er julebordbuffet og dessertbord.

Systrene Nilsen har framleis ein del ledig 23. og 24. november.

Julebuffeten er derimot fullbooka og restauranten har måtta si nei til fleire større lag.

Dei kommande vekene skal Systrene Nilsen også ha fleire lukka lag for bedrifter som har leigd huset med bar og matserving

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen